

Innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel

Myking bygdelag - Trivselsgrenda, registrerer at Myking-bygda er teke med som nærsenter i høyringa for samfunnsdelen til kommuneplanen.

Dette meiner me er svært positivt, og me opplever grunnlaget med vurdering av senterstrukturen som gjennomarbeidd, strukturert og objektiv.

Me ser det er lagt vekt på å bruka heile kommunen, noko me meiner er sjølv sagt, med så mange flotte bygder som finst i Alver kommune. Det er også betryggjande å registrera at dei bekymringane me hadde rundt sentralisering på grunn av byvekstavtalen ikkje ser ut til å verta ein realitet.



1 Oversiktsbilete Myking

Me registrerer derimot at det vert debattert om Myking bør vera eit nærsenter, eller om det er andre bygder i område som også er eigna, kanskje framfor Myking?

Me vil difor trekkja fram dei kvalitetane som viser at Myking passar svært godt inn i dei definisjonane og føringane som er lagt for nærsenter. Informasjonen som kjem fram her støttar opp under og utfyller dei vurderingane som er gjort i utgreiingsarbeidet.

Kva er sagt om nærsenter?

I «Regional plan for attraktive senter i Hordaland» er det sagt at «Lokalsenter og nærsenter: tilbud bør i høg grad konsentrerast». I kommuneplanen sin samfunnsdel er dette definert som «ca 200 m radius, rundt eksisterande sentrum, i lokal- og nærsentera».

I rapporten «Senterstruktur i Alver – Stilling og tilråding» finn ein m.a. følgjande om senter: «Eit nærsenter vil typisk innehalde daglegvarebutikk, private og offentlege helse- og velvære tenester, idrett- og kulturtilbod som dimensjonert for nærmiljøet.» «Ei kompakt og samla lokalisering av tilboda ein treng i kvardagen, gir eit godt utgangspunkt for utvikling til attraktive senter».

«I vurderinga av moglege nærsenter er bygdene vurdert i høve til om dei er ein fysisk avgrensa stad, ein stad med kultur, historie og identitet (her kan det også tilførast stad- og landskapskvalitetar). Dette er eit viktig kriterie å velje nærsenter etter fordi det gjev eit godt utgangspunkt for vidare utvikling. Bygdene som vert tilrådd som nye nærsenter skårar alle på dette punktet.»

Kriterier for val av nye nærsenter

1. Det må vere ein fysisk avgrensa stad, ei bygd med lokal historie, kultur og identitet. Mange funksjonar, spreidd over eit stort område, er ikkje eit senter.
2. Eit nærsenter bør innehalde viktige funksjonar innbyggjarane treng i kvardagen, td. barnehage, barneskule, daglegvare, møteplassar, samt tilbod innan kultur, idrett og friluftsliv.
3. Det må vere høgt nok folketal for å støtte opp om funksjonane.
4. Senterstrukturen bør sikre at flest mogleg av innbyggjarane får eit tilbod i nærleiken av der dei bur.
5. Nærsentera må ikkje ligge for nær kvarandre geografisk for å redusere konkurranse.
6. Talet på nye nærsenter må avgrensast; for mange senter vil gje færre tilbod på kvar stad og konkurranse om lokalisering av tenester og tilbod.

Korleis oppfyller Myking kriteria til nærsenter?

- **Ein fysisk avgrensa stad (tilbod bør i høg grad konsentrerast, ca 200 m radius rundt eksisterande sentrum).**

Innanfor ein radius på ca. 200 meter finn ein kyrkje, bedehus, skule, butikk, forsamlingslokale (grendahus), ballbinge, sykkelbane, leikeplass, eldrebustadar og byggeklare tomtar i tilrettelagt byggjefelt.

Det er få bygder i Alver der ein finn så mange senterfunksjonar konsentrert så godt som på Myking.

➤ ***Ei bygd med lokal historie, kultur og identitet***

Myking er den einaste bygda i Alver kommune der det er fastslått at det har stått ei stavkyrkje. Det vert antatt at den er frå 1200 talet, men er første gong omtala i det gamle kyrkjerekneskapet «*Björgynjar Kalfskinn*» i år 1330. Stavkyrkja skal ha stått på den gamle kyrkjegarden. Den vart i år 1606 erstatta av ei kyrkje i lafta tømmer. Dagens kyrkje er frå 1861 og er den einaste steinkyrkja i kommunen.

På grunn av den gode akustikken har kyrkja vore mykje nytta til konsertar.

Ikkje langt frå kyrkja står prestestova som er bygd med tømmer frå den gamle tømmerkyrkja frå 1606.



2 Kyrkjegarden frå middelalderen

Våren 1951 vart det funne ei Vikingtids branngrav på Myking. I utgravinga som følgde vart det funne mange gjenstandar, m.a eit Vikingsverd og stridsøks av jern som viser busetnad tilbake til Vikingetida (som var i perioden år 739 – 1066), så det har vore busetnad på Myking i meir enn 1000 år.



3 Kyrkjegarden frå middelalderen

Av historiske hendingar av lokal og nasjonal betydning kan nemnast Jo Vedlo Hodne. Han var frå Myking og vart Karl XII sin banemann på Fredriksten Festning i år 1718. I 1926 vart det på Myking reist ein 3 meter høg bautastein (kalla Vedlesteinen) til minne om at Jo Vedlo Hodne felte kongen.

Kvar 17. mai er det minnemarkering ved bautasteinen over mannen som hindra at Noreg fall i hendene på Sverige.

Då Lindås kommune vart oppretta i 1837 ved innføringa av det lokale sjølvstyret, og fram til kommunesamanslåinga i 1964, var Myking-bygda geografisk sentralt plassert i kommunen og husa ofte kommunestyremøta.



4 Vedlesteinen

- **Eit nærsenter bør innehalde viktige funksjonar innbyggjarane treng i kvardagen td. barnehage, barneskule, daglegvare, møteplassar, samt tilbod innan kultur, idrett og friluftsliv.**

Som vist over har Myking desse kvalitetane innanfor ein radius på 200 meter, med unntak av barnehage. Barnehage er lokalisert lengre nord i Myking skulekrins og alle i Myking-krinsen bur mindre enn 5 km frå ein barnehage.

- **Det må vere høgt nok folketal for å støtte opp om funksjonane.**

Me har ikkje tilgang til folketalet innanfor den definerte sirkelen rundt Myking, men me har sett på utvikling i elevtal på Myking skule for å sjå på utviklingstendar i bygda.

Gjennomsnittleg tal elevar siste 5 år er høgare enn gjennomsnittet siste 30 åra og me ser ein auke på 24 % samanlikna med førre 5-årsperiode. Det går no 65 elevar på Myking skule.

Gjennomsnittsalderen i Myking-krinsen er berre 39 år. Dette er lågare enn gjennomsnittet i Alver og monaleg lågare enn mange andre distrikts-bygder i Alver.

Andel born 0-5 år i Myking skulekrins er godt over gjennomsnittet både i kommunen og bygdene rundt Myking og lovar dermed godt for folketalsutviklinga i bygda vår framover.

Tala indikerer at det er høgt nok folketal for å støtta opp om funksjonane bygda treng.

- **Senterstrukturen bør sikre at flest mogleg av innbyggjarane får eit tilbod i nærleiken av der dei bur.**


Busetnaden på Myking er delvis spreidd, men med ein konsentrasjon rundt byggjefelta på Myking som alle ligg innanfor ein radius på 5-600 meter rundt sentrumstilboda.

Svært mange har difor eit tilbod i nærleiken av der dei bur.

- **Nærsentera må ikkje ligge for nær kvarandre geografisk for å redusere konkurranse.**

Som ein ser frå kartet dekkjer nærsenteret Myking eit stort geografisk område som ikkje vert dekkja av andre nærsentre. Dersom ein flyttar nærsenteret frå Myking til eit anna område i nærleiken, vil den geografiske fordelinga verta svekka og færre innbyggjarar vil verta dekkja av 5-km området.

Val av Myking som nærsenter er både geografisk og demografisk godt forankra.



5 Utsnitt frå Senterstruktur i Alver – Stilling og tilråding

Andre kvalitetar på Myking

Det er under 500 meter frå sentrum til badestrand/fjærer som er mykje brukt på sommarstid. Bygda har også etablert ei lokal båthamn og har mange naust i aktiv bruk. Bygdefolket har lagt til rette for mange turstiar og godt merka løyper både for dei som vil ta seg ut og for dei som tek livet litt meir med ro.

Me har eldrebustaden som er drifta av stiftinga Myking Aldersbustader. Bustaden er svært populær og det har lenge vore eit ynskje om å få utvida dette tilbodet for at dei som ynskjer det kan få bu lengst mogleg i bygda før ein evt. må nytta seg av det kommunale bu-tilbodet. Myking har ei sentral plassering i den austre aksen i Alver kommune og er godt tilrettelagt for dei som ynskjer å bu landleg, men likevel ha relativt kort avstand til arbeidsplassar som ligg i Knarvik eller på Mongstad (25 minutt kvar veg).

Vegen vidare

Me stiller oss positive til at Myking vert definert som eit nærsenter og at kommunen ynskjer å satsa på framtidig bruk av bygda vår. Me stiller gjerne vår kompetanse / erfaring frå mange år med dugnadsarbeid i bygda til disposisjon.

Saman med grunneigarar rundt sentrum stiller me oss også positive til å leggja til rette for både bustadbygging og næringsutvikling.

Me stiller oss positive til at samfunnsdelen av kommuneplanen vert godkjent slik den ligg føre og ser fram til å koma med konstruktive innspel til arealdelen av kommuneplanen når den vert fremja.

Med venleg helsing

Arbeidsgruppa for

Myking bygdelag - Trivselsgrenda,
i samarbeid med grunneigarar og næring på Myking.

Leiar

Berit Bruvoll (s)